

Årsplan 2019-2021 – Det teologiske fakultet

INNLEDNING

TF vil i 2019 skifte ut toppledelsen med nytt dekanat og ny fakultetsdirektør. En hovedoppgave vil være arbeidet med ny strategisk plan frem mot 2030. Arbeidet med stillingsplan vil fortsette. Hvordan vi utnytter ressursene våre best mulig vil være av stor betydning fremover for målsetningene vi har om styrket studiekvalitet og bedre forskningsfinansiering. Vi må fortsette å snu stener.

TF har de siste årene hatt et særlig fokus på mottak av nye studenter og oppfølging av dem det første året. Her har vi lyktes godt, og studentene gir uttrykk for at de er godt tilfreds med TF. Dette arbeidet fortsetter, men studiekvalitetsarbeidet vil mer systematisk og målrettet utvides og sikte mot en bredere og bedre faglig integrering av studentene gjennom hele løpet. Særlig vekt vil ligge på høyere grads studenter. Vi har spesielle forutsetninger for tett oppfølging av studentene våre, og fremragende studiekvalitet bør fremover bli et kjennetegn på TF. Det vil blant annet kreve at vi ser på veiledning og integrering av studentene i forskning. Det innebærer økt vektlegging av pedagogisk fornyelsesarbeid og økt vektlegging av kollektiv samhandling rundt undervisning. En målsetning i denne forbindelse må også være å bidra til at flere gjennomfører studiene.

Et spennende faglig fornyelsesarbeid ble begynt i 2018 i forbindelse med tildeling av midler for å utvikle studietilbud for utdanning av religiøse ledere. Her er vi godt i gang. Dette er også et arbeid som TF ser kan svare godt på utfordringene gitt i langtidsmeldingen, der det fokuseres på sikkerhet og velfungerende samfunn. Gjennom nye studietilbud innen islamsk teologi og en praksisorientert master vil TF kunne spille en viktig rolle i utdanning av en ny generasjon ledere innen tros- og livssynsfeltet som kan få betydning for både nasjonal og internasjonal samfunnsutvikling. Her ligger det potensiale for nye internasjonale samarbeidsrelasjoner og forskningsprosjekter.

Eksternt finansiert forskning er betydningsfullt for å løfte oss oppover og videre. Signalene i regjeringens langtidsplan for forskning og høyere utdanning (2019-2028) synliggjør muligheter som vi vil benytte oss av. Det innebærer at vi må organisere og prioritere for å kunne hente inn midler innen tverrfaglige og tematiske prosjekter. En ny forskerguppestruktur vil være ett svar på dette. Mange av våre eksternt finansierte prosjekter nærmer seg raskt avslutning, og det vil bli viktig at det skjer et betydelig kollektivt løft for å få frem nye.

TF hilser velkommen den økte vektleggingen av undervisning som nå skjer. Det svarer godt til våre egne prioriteringer. Samtidig vil vi fortsette arbeidet med å understøtte og skape gode forutsetninger for de beste forskningsmiljøene. Som profesjonsfakultet er bredden i forskningsarbeidet viktig, men vi vil foreta en ressursmessig prioritering som gir de som ønsker å styrke og spisse forskningen internasjonalt mulighet til det. Her vil forskergruppene være viktig, sammen med sterke internasjonale forskningsnettverk. TFs forskere har tradisjon for å arbeide tverrfaglig. Vi vil stimulere til nye tverrfaglige samarbeidsrelasjoner som gir løft til arbeidet med tematiske utfordringer og samfunnsspørsmål.

Inn mot arbeidslivet vil vi etablere gode samarbeidsrelasjoner. Det innebærer en tett kontakt med Den norske kirke rundt rekruttering av studenter til teologistudiet. Her har vi felles interesse både når det gjelder rekruttering og kvaliteten på utdanningen.

Framifrå utdanning og læringsmiljø

Tiltak som skal gjennomførast på fakultetsnivå:

Fakultetet vil i den komande planperioden sette i verk eit revidert profesjonsstudium i teologi og styrke rekrutteringa til teologistudiet. Vi vil også konsolidere studieprogramma Religion og samfunn og Religion and Diversity. Eit nytt masterprogram i leiarskap, etikk og samtalepraksis vil bli lansert, som del av fakultetet si generelle satsing på fleksibel utdanning for religiøse leiarar. Denne satsinga vil, med ei særskilt rammebevilling, vere eit hovudsatsing i perioden. Her vil også eigne studieprogram i islamsk teologi, med utgangspunkt i eksisterande islamemne, bli vurdert. Fakultetet vil også styrke dei kyrkjeretta etter- og vidareutdanningstilboda. Satsinga på førsteårsstudentar vil bli vidareført.

Tiltak 1:

Fakulteta skal styrke studentane si integrering i fagmiljøet og gi god oppfølging undervegs i studia.

Forventa resultat ved utgangen av 2019:

- Fakultetet har konsolidert introduksjonsopplegg og mottak, og målt den første effekten av desse når det gjeld gjennomføringsprosent og studenttilfredsheit.
- Fakultetet har bidratt til erfaringsdeling og spreining av god praks.
- Rutinar er utvikla for å styrke sambandet mellom fagmiljøa (fageiningane) og arbeidet med master- og fordjupningsoppgåvene.
- Bruken av masterstudentar som gruppelærarar og eventuelt som mentorar vil bli evaluert.

Forventa resultater ved utgangen av 2021:

- Fakultetet sine resultat bidrar til at UiO når måla sine ved at alle nye studentar ved fakultetet har gjennomgått eit godt introduksjonsopplegg og mottak, og har styrkt sin motivasjon for å gjennomføre studia.
- Fråfallet etter to semester er ytterlegare redusert.
- Vurdering av studenttilfredsheit er innarbeidd i programevalueringene
- Ein aukande del av bachelor-, master- og ph.d.-studentar gjennomfører på normert tid.

Aktivitet:

Fakultetet sitt 3-årige prosjekt *Studiekvalitet i førsteåret* (SKF) vart i 2018 gjort permanent, gjennom ei fast tilsetting av ein universitetslektor. Prosjektet, som har vore leidd av ein universitetslektor i full stilling, har fokusert på mottak og oppfølging av dei nye studentane. Fakultetet vil arbeide vidare med introduksjonsopplegget som er styrkt ved at det er oppretta ei eiga facebook-gruppe for førstevalgssøkarar. Vi vil framleis arbeide for at studiestartsveka, fadderopplegget og internatseminaret for førsteårsstudentane trekker i same retning, slik at studentane får ei betre og tidligare integrering i fakultetet sitt fagmiljø, auka forståing av kva som blir kravd i studiet, samt ei grunnleggande forståing av særtrekka ved dei ulike programma dei er påmelde til. Ressursane blir sett inn mot dei studentane som er reelle og aktive. Dei nye studentane må gjennomføre eit skrivekurs som førebur dei på arbeidskrava i emna, og som er første del fram mot skriving av bacheloroppgåve.

Utover tiltaka på førsteårsstudiet vil fakultetet også styrke den programspesifikke oppfølginga av studentar vidare framover i studieløpet, gjennom opprusting av programleiarfunksjonen, fagleg-sosiale tiltak, skrivekurs og på andre måtar. Programvise budsjett for fagleg-sosiale tiltak er etablert.

Vidare vil vi styrke master- og fordjupningsoppgåvene si tilknytning til fakultetet sine fagmiljø (fageiningar og forskargrupper), gjennom ei meir aktiv synleggjering av pågåande forskning ved fakultetet som studentane tematisk (eventuelt også gjennom prosjektinvolvering) kan knyte arbeidet med masteroppgåva til.

I 2017 vart det for første gong engasjert masterstudentar som gruppelærarar på førsteårsstudiet. Dette vil bli evaluert i løpet av 2018 og eventuelt vidareført i den komande planperioden.

Ansvar:

Studiedekanan i samarbeid med studieadministrasjonen, leiar for SKF, programleiarane og fageiningsleiarane.

Tiltak 2:

Fakulteta skal ta i bruk nyskapande og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å styrke studentane sitt læringsutbytte og arbeidslivsrelevansen til utdanningane.

Forventa resultat ved utgangen av 2019:

- Dei nye/reviderte programma frå 2017, er i rute når det gjeld implementering og kvalitetssikring.
- Sentrale element i det reviderte teologiprogrammet er implementert.
- Fakultetet har digitalisert alle dei relevante skriftlege eksamensformene.
- Lærar- og sensorrettleiinga frå 2017, som mellom anna er meint å styrke medvitet om bruken av ulike typar arbeidskrav og varierte eksamensformer, vil bli følgt opp med betra rutinar for kommunikasjonen mellom emneansvarleg, programleiarar og fageiningar når det gjeld undervisningsplanlegging. Til dette høyrer jamlege samtalar (møter) mellom dei som underviser, om utdanningsrelaterte utfordringar. Ordninga med jamnlege møter om utdanningsrelaterte spørsmål i Teologisk fellesforum vil bli vidareført.
- Rutinar for utarbeiding og kommunikasjon av emnevise sensorvegleiingar er etablert.
- Kontakten med Karrieresenteret er styrkt og kontaktforum med arbeidslivet etablert, med særleg vekt på kommunikasjonen med Den norske kyrkja.
- Nye praksisstudiar/praksisplassar for studentane på Religion og samfunn er utgreidd.
- Bruken av ekskursjonar til fagrelevante samfunnsinstitusjonar i Oslo-området er auka.
- Bruken av ekskursjonar til utlandet er gjennomgått, med tanke på dei ulike programma sine behov og i lys av budsjettmessige prioriteringar. .
- Det digitale læringssystemet Canvas er grundig introdusert for lærarane og tatt i bruk. Planar er lagt for erfaringsdeling om korleis Canvas kan fornye undervisningsformene.

Forventa resultat ved utgangen av 2021:

- Fakultetet har styrkt utdanningane sin arbeidslivsrelevans.
- Rekrutteringa til fakultetet sine studieprogram er styrkt. Særleg vil innsatsen for å styrke rekrutteringa til teologiprogrammet bli auka. Her vil også samarbeidet med Kyrkjerådet, Ungdomstinget og Oslo bispedømme bli styrka

Aktivitet:

Ein ny og omfattande revisjon av teologiprogrammet, med fokus på den særeigne kompetansen og dei særlege ferdigheitene som profesjonsstudiet skal gi, vil bli gjennomført i løpet av planperioden (utgreiing er sett i gong hausten 2017 og det reviderte programmet vil bli implementert stegvis frå hausten 2019).

I perioden 2018-2020 vil dei programspesifikke læringsutbytta bli meir tydeleggjort. I 2019 vil vi også analysere erfaringane frå det første året med den reviderte årseininga Kristendom og islam (innført i 2017), mellom anna med tanke på behova til dei som ønskjer undervisningskompetanse i religion og etikk. Likeeins vil vi i 2019 analysere resultatet av dei to første åra med vårt nye engelskspråkleg program Religion and Diversity, med tanke på fagleg profil og type studentrekruttering.

I løpet av 2017 vart det ferdigstilt ein rettleiar for dei som underviser. I denne rettleiaren styrkar vi samanhengen mellom vurderingsform, undervisningsform og læringsmål. Det etablerte samarbeidet med FUP vil bli vidareført gjennom LINK.

Fakultetet har styrkt kontakten med Karrieresenteret og vil følgje opp dette i den nye planperioden. Fakultetet vil også gjennomgå arbeidslivsrelevansen til studieprogramma og gjennomføre ei undersøking av korleis RESA-kandidatane vurderer relevansen av masterstudiane sine i yrkeslivet. Eit kontaktforum med arbeidslivet (Den norske kyrkja, eventuelt eit breiare felt som inkluderer andre trus- og livssyssamfunn og RESA-relevante sektorar) vil bli etablert.

Ombygginga av fakultetsbiblioteket til læringsmiljøer vart gjennomført i 2017. I perioden 2019-2021 vil senteret bli aktivt promotert hos studentane og mykje av den fagleg-sosiale aktiviteten ved fakultetet vil bli lokalisert til læringssenteret.

Ansvar:

Studiedekanan i samarbeid med studieadministrasjonen og programleiarane.

EIGNE TILTAK UTDANNING

Tiltak A:

Aktivitet: ordinær programverksemd, nye rammevilkår

Evaluering av program:

Programmet Religious Roots of Europe (ein felles master i eit samarbeid mellom universiteta i Aarhus, København, Lund og Oslo) vil bli evaluert i 2019, også med tanke på opptaksgrunnlaget. Det faglege innhaldet i kristendomsmasteren vil bli ivaretatt gjennom fordjuping innanfor RESA-programmet. Vidare vil vi i prosjektperioden avgjere om fakultetet skal utvikle ein Master i teologi, og korleis denne skal profilerast i høve til profesjonsstudiet i teologi.

Rekruttering: Arbeid med rekruttering vil framleis vere ein hovudprioritet. På bakgrunn av svake rekrutteringstal for profesjonsstudiet i 2016-17 vil hovudtyngda av rekrutteringsarbeidet i planperioden rette seg mot potensielle prestestudentar (jf. større revisjonsarbeid teologistudiet, påbegynt 2017)-Men også rekrutteringsarbeidet inn mot RESA og REDI vil bli gjennomgått.

Fleksibel utdanning for religiøse leiarar, inklusive studiar i islamsk teologi

Fakultetet fekk i 2018 auka si rammebevilling for å utvikle nye studietilbod for religiøse leiarar. Fakultetet har sett ned ei arbeidsgruppe og engasjert nye tilsette for å implementere dette, med konsentrasjon om to tiltak: (1) eit nytt masterprogram i «Lederskap, etikk og samtalepraksis» og (2) eit utvida studietilbod innanfor islamsk teologi, potensielt som nye studieprogram på bachelor- og masternivå. Nye forskingstiltak på dei nemnde felta vil bli utvikla, for å sikre at dei nye undervisningstilboda blir forankra i forskning. Faste stillingar på begge dei nemnde felta vil bli etablert.

Forventa resultat ved utgangen av 2019:

- Nye rutinar for arbeidet med rekruttering er implementert, med organisering under studiedekanan.
- Vedtak er gjort om framtida til svaktrekrutterande studieprogram, likeeins spørsmålet om kor vidt ein Master i teologi skal utgreiast nærare.
- Fleire nye teologistudentar enn dei to føregåande åra.
- Eit nytt masterprogram i «Lederskap, etikk og samtalepraksis» er etablert.
- Spørsmålet om nye studieprogram innanfor islamsk teologi er under utgreiing, samtidig som nye emne på feltet er utvikla. Tilbodet innanfor jødiske studiar er avklara.

Forventa resultat ved utgangen av 2021:

- Fakultetet si rekruttering til profesjonsstudiet og rekrutteringa av religiøse leiarar til akademiske studiar er styrkt.
- Nye stillingar til utdanning av religiøse leiarar og til utvikling av islamsk teologi, er etablert.

Tiltak B:

Aktivitet: EVU

Fakultetet vil konsolidere si etter- og vidareutdanningsverksemd, opp mot presteskapet, andre kyrkjeleg tilsette og religiøse leiarar, samt gjennom utdanning av samtalepartnarar og dialogpilotar. Fakultetet vil i perioden også avklare omfanget av etter- og vidareutdanningstilbodet inn mot skulesektoren.

Forventa resultat ved utgangen av 2019:

- Fakultetet sitt vidareutdanningstilbod i kyrkjeleg undervisning er konsolidert.
- Planar er lagt for å følgje opp breiddekontakten med presteskapet i etterkant av reformasjonskurset.
- Samarbeidet med Hamar bispedømme og Døvekirken om fleksible studiar i kyrkjeleg undervisning er avslutta, og etablering av nye, tilsvarande tiltak er drøfta.
- Kurset «Arbeidsveilederutdanning for kirkelig ansatte» (treårig) er gjennomført, og ny runde av kurset planlagt.
- Ei sjuande runde av kurset «Å være religiøs leder i det norske samfunnet», framleis finansiert av Kulturdepartementet, er sett i gang.
- Tredje runde av tjuepoengskurset «Dialogpilot» er fullført.
- Sjansane for å få til eit eventuelt nytt kurs for samtalepartnarar om tru og livssyn (i samarbeid med STL, helsevesenet og andre offentlege institusjonar) er utgreidd.
- Fakultetets eventuelle bidrag til Desentralisert kompetanseutvikling i skolen (DKU) er avklart og presentert for aktuelle interessentar.
- Ressurssituasjonen i AKS (TFs «Avdeling for kompetansehevende studier») er utgreidd, i lys av vårt aukande EVU-tilbod.

Ansvar:

Studiedekanan i samarbeid med studieadministrasjonen, dei aktuelle programleiarane og Avdeling for kompetansehevende studier (AKS).

Grensesprengjande forskning

Tiltak som skal gjennomførast på fakultetsnivå:

Tiltak 3:

Det teologiske fakultet skal ha ei betre uttelling i EUs rammeprogram med særleg vekt på prioriteringane i utviklingsavtalen og European Research Council (ERC).

Forventa resultat ved utgangen av 2019:

- Det teologiske fakultet har systematisk bygd kompetanse som vil føre til at eininga betre utnyttar moglegheitene i EUs rammeprogram
- Det teologiske fakultet har auka rekruttering innanfor Marie S. Curie actions

Forventa resultat ved utgangen av 2021:

- Det teologiske fakultet utnyttar utsiktene til kvalitetsheving som ligg i store europeiske samarbeidsprosjekt og i ERC-ordninga.

Aktivitet:

TF er inne i ein fase der vi har avslutta, eller i ferd med å avslutte, dei store eksternfinansierte prosjekta våre. For at fakultetet skal oppretthalde handlingsrommet sitt er det ein føresetnad at vi er i stand til å få tilslag på nye prosjektsøknader. Det krev ein systematisk innsats for å setje forskarar i stand til å levere søknader med høg kvalitet, og vidare styrking av støtteapparatet som skal medverke til at dette kan skje.

Det er forventa at vi hevar kvaliteten på støtteapparatet for prosjekt i driftsfasen, at vi utviklar insentiv i koordinatorprosjekt, at vi systematisk byggjer kompetanse som kan føre til at vi kan utnytte moglegheitene i EUs rammeprogram betre og at eininga har auka rekruttering innanfor Marie Curie i 2019.

TF har avgrensa kapasitet med omsyn til å leggje inn mykje ressursar i støtteapparatet for prosjekt som er i driftsfasen. Vi må derfor syte for at det blir lagt inn ressursar i prosjektsøknadene til administrativ assistanse. Internt ligg meir spesialisert kompetanse knytt til økonomi/rapportering osv., og vi bør tydeleggjere kva som generelt finst av ressursar (knytt til bestillingar, infoser m.v.)

Å leggje inn insentiv i koordinatorprosjekt, ser vi som mindre aktuelt. ERC blir støtta primært gjennom fakultetets interne søknadsutviklingsprogram SØKUT. Frikjøp vil nyttast aktivt som verkemiddel.

SØKUT starta opp i august 2017. Det vil bli ein ny opptaksrunde våren 2019, med oppstart hausten 2019. Satsinga vil bli evaluert, og det vil bli arbeidd vidare med å utvikle innhaldet i programmet. Generelt vil fakultetet halde fram arbeidet med å utvikle ein delings- og læringskultur.

FRIPRO (programmet Frie prosjekter i Norges forskningsråd) og ERC vil vere dei viktigaste finansieringskjeldene også framover. Samstundes treng vi å arbeide meir mot tematiske søknader for å finne moglegheiter der og i anna tverrfagleg arbeid. Særleg interessant er Norges forskningsråds opptrappingsplan for humaniora i tematiske satsingar, som vi må følge med på. Vi vil satse vidare på Marie Curie for å trekkje til oss sterke internasjonale kandidatar, men òg få «våre eigne» til å reise ut. Ei hovudutfordring er dermed å synleggjere EU som arena for karrierebygging, nye faglege moglegheiter og nettverk. Vi må halde fram med å byggje opp kompetanse, informasjonsspreiing og støtteapparat. Fordi Norges forskningsråd i stadig større grad tilpassar seg EU, vil arbeid mot NFR-søknader og mot EU-søknader hengje saman.

Forskargruppene har vorte evaluerte i 2018. Fakultetet innfører strammare kriterium for status som fakultære forskargrupper. Gruppene oppnemnast for ein periode på tre år om gongen. Talet på slike forskargrupper er sett til 3 eller 4. Grupper med status som fakultære forskargrupper skal automatisk få tildelt midlar til drift.

Milestolpar:

- 01.03.2019: Evaluering av SØKUT gjennomført
- 01.03.2019: Ny ordning for fakultære forskargrupper er implementert
- 01.06.2019: Nytt opptak til SØKUT med oppstart frå august 2019
- 01.10.2019: Workshop/seminar med tematikk knytt til EU-søknader er gjennomført med støtte frå eksterne konsulentar

Ansvar:

Forskingsdekanen i samarbeid med forskingsrådgevar

Frist for gjennomføring:

31.12.2021

Tiltak 4:

Det teologiske fakultet har ansvar for å fremje god vitenskapleg praksis og arbeide for å auke medvitnet om forskingsetiske problemstillingar. Opplæring av tilsette og studentar er sentralt for at forskning skal bli gjennomført i samsvar med anerkjente forskingsetiske normer og gjeldande lover og reglar innanfor det aktuelle fagområdet.

Forventa resultat ved utgangen av 2019:

- Det teologiske fakultet har vurdert korleis forskingsetiske normer og reglar blir etterlevd ved eininga.
- Det teologiske fakultet har ansvar for at alle relevante tilsette og studentar har gjennomført opplæring i forskingsetikk.
- Vegleiarforumet er etablert som ein viktig stad for opplæring og erfaringsutveksling for tilsette ved fakultetet.

Forventa resultat ved utgangen av 2021:

- Alle relevante tilsette og alle studentar etterlever gjeldande normer og reglar for forskingsetikk.

Aktivitet:

Fakultetet har i 2018 endra samansetnaden og mandatet for forskingsetisk utval. Forankringa i leiinga er styrkt gjennom at utvalet no blir leidd av forskingsdekanen. Utvalet har i 2018 byrja på eit arbeid som vil førast vidare i 2019. Utvalet vil arbeide med å byggje kunnskap, hente inn informasjon om kunnskapsnivå hos tilsette og studentar og utvikle opplæringstilbod, utvikle system for oversikt over forskingsprosjekt (inntil eit sentralt system er på plass) og gå gjennom dei eksisterande rutineane for å lagre sensitive personopplysningar. Utvalet har ein rådgjevande funksjon overfor fakultetsleiinga og vitenskapleg tilsette/studentar, og er tiltenkt ei meir proaktiv rolle enn tidlegare,

Hausten 2018 er det etablert eit vegleiarforum for vitenskapleg tilsette på TF, som både vil kunne drive opplæring og erfaringsutveksling – også knytt til forskingsetikk. Forumet vil òg kunne ivareta opplæringstilbod etter behov.

Opplæringa i forskingsetikk i forskarutdanninga for ph.d.-kandidatar er alt styrkt gjennom revisjonen av ph.d.-programmet i 2017. Opplæringstilbodet i forskingsetikk for studentar vil styrkast. Det vil bli utvikla rutinar som sikrar at studentprosjekt som handsamar personopplysningar blir melde inn til forskingsetisk utval.

Milestolpar:

- 01.03.2019: Prosedyre for å melde inn forskingsprosjekt og for sikker lagring av forskingsdata er implementert
- 31.12.2019: Opplæringstilbod knytt til forskingsetiske problemstillingar for tilsette og studentar er utvikla og implementert

Ansvar:

Forskingsdekanen i samarbeid med forskingsadministrasjonen, ph.d.-leiar, FEU og studieadministrasjonen.

Frist for gjennomføring:

31.12.2021

Ta kunnskap i bruk

Tiltak som skal gjennomførast på fakultetsnivå:

Tiltak 5:

For å utvikle innsatsområdet «Ta kunnskap i bruk» skal Det teologiske fakultet arbeide ut mål og tiltak innanfor næringsretta og sosial innovasjon, kommersialisering, entreprenørskap og formidling. Hovudfokuset for fakultetet vil vere sosial innovasjon og formidling.

Forventa resultat ved utgangen av 2019:

- Det teologiske fakultet har etablert tiltak for auka sosial innovasjon.
- Ha oversikt over fakultetets samla formidlingsaktivitet
- Ha gjennomført fleire formidlingsarrangement
- Det teologiske fakultet har implementert UiOs nye formidlingspolitikk, som definerer formidling breitt.

Forventa resultat ved utgangen 2021:

- Det teologiske fakultet har auka sosial innovasjon og kan syne til konkrete resultat.

Aktivitet:

Omgrep som innovasjon og entreprenørskap er i første rekkje henta frå andre fagfelt enn våre. Samtidig har omgrepet sosial innovasjon eit fokus som vi bør arbeide med for å få innspel til fornying og nyskaping. Arbeid med sosial innovasjon kan potensielt vere ein del av freistnaden på å utvikle søknader inn mot tematiske satsingsområde. Sosial innovasjon kan knytast opp mot det arbeidet vi tidlegare har gjort med omsyn til impact. Impact handlar om verknader og effektar av forskinga. FURLIT er òg eit felt der sosial innovasjon er ein føresetnad og/eller ein konsekvens. Her vil vi framheve Master i leiarskap, etikk og samtalepraksis. Dette nye studietilbodet vil kunne medverke til utvikling og nyskaping i samspel med arbeidslivet, og har eit klart innovativt potensial.

Fakultetet vil halde fram satsinga på formidling i 2019. Å formidle kvalitetssikra kunnskap, er ein viktig del av fakultetets samfunnsoppdrag. Aktiviteten innanfor den religiøse allmenta vil vere sentral for samfunnsutviklinga framover, og TF har ambisjon om å styrkje posisjonen som eit kompetanseknutepunkt for teologi og religion.

UiO er i ferd med å forme ut ein ny formidlingspolitikk, og arbeidet er venta gjennomført i 2019. Då vil fakultetet naturleg nok følgje opp dei sentrale føringane i det langsiktige strategiske arbeidet. Frå 2018 skal dei vitskapleg tilsette ved TF registrere også formidlingsaktivitet. Dette vil gje oss ein oversikt som vi tidlegare har vanta. Fakultetet vil kartleggje forskarane sin formidlingsaktivitet med tanke på det strategiske arbeidet knytt til Strategi 2030.

Vidare har omfanget av formidlingsarrangement vore aukande ved fakultetet. Ikkje minst har læringscenteret vore ei viktig ramme for denne aktiviteten. Ein ser positive effektar av innsatsen, og fakultetet ser det som viktig å halde fram satsinga på formidlingsarrangement.

Milestolpar:

- 01.03.2019: Ei arbeidsgruppe er sett ned for å sjå nærmare på kva sosial innovasjon tyder i konteksten vår, og kome med framlegg til tiltak
- 01.06.2019: Ha gjennomført ei første kartlegging av fakultetets formidlingsaktivitet

Ansvar:

Forskingsdekanen i samarbeid med informasjonsansvarleg

Frist for gjennomføring:

31.12.20

Ein heilskapleg personalpolitikk

Tiltak som skal gjennomførast på fakultetsnivå:

Tiltak 6:

Det teologiske fakultet skal ta i bruk målretta verkemidlar for å redusere delen av mellombels tilsette innanfor stillingsgrupper med høg mellombels tilsetjing.

Forventa resultat ved utgangen av 2019:

- Fakultetet har konkretisert tiltak for å redusere mellombels tilsette innanfor dei stillingsgruppene der det er høg mellombels tilsetjing.
- Fakultetet har rutinar for å følge opp treårsregelen i statstilsettelova.

Forventa resultat ved utgangen av 2021:

- Fakultetet har redusert delen av mellombels tilsette innanfor dei stillingsgruppene der ein har høg mellombels tilsetjing samanlikna med delen av mellombels tilsette ved utgangen av 2017.

Aktivitet:

Mellombels tilsetjing blant vitskapleg tilsette er ei generell utfordring i academia fordi det tek lang tid å kvalifisere seg til ei fast stilling, og det er stor konkurranse. Samstundes kan vikariat vere kompetansebyggjande for tilsette. Fakultetet har arbeidd lenge for å få ned talet på mellombels tilsetjingar, og opplever ikkje dette som eit stort problem. Men det er naudsynt å gjennomgå rutinar for å følge opp treårsregelen.

Vidare vil ein arbeide kontinuerleg med å dimensjonere undervisninga slik at lærarstaben i størst mogleg grad kan dekkje undervisningsbehovet sjølv om kollegar har forskingstermin/frikjøp eller er i andre permisjonar.

Milestolpar for gjennomføring:

- 01.06.2019: Gjennomført kompetanseseminar med leiinga og HR knytt til prosedyrar for oppseiing/overgang til anna passende stilling ved tilsetjingar opp mot 3 år.

Ansvar:

Dekanen

Frist for gjennomføring:

31.12.2021

Tiltak 7:

Fakultetet skal styrkje arbeidet mot trakassering i høve til UiOs handlingsplan for likestilling, kjønnsbalanse og mangfald. Fakultetet har òg ein lokal handlingsplan vedteken i 2018, som utgjer ei ramme for fakultetet sin innsats området.

Forventa resultat ved utgangen av 2019:

- Fakultetet har gjort risikovurdering av kva typar av trakassering som kan førekomme ved eininga, som vil vere utgangspunkt for dei førebyggjande tiltaka som blir arbeidd ut lokalt.

- Alle leiarane ved fakultetet har kompetanse når det gjeld å følgje opp og førebyggje trakassering.

Forventa resultat ved utgangen av 2021:

- Fakultetet arbeider førebyggjande mot trakassering og handterer einskildsaker på ein god måte.

Aktivitet:

Fakultetet har arbeidd målmedvite med arbeidsmiljøtiltak i mange år. Leiinga på alle nivå vil ta del i kompetanseutvikling når det gjeld å handtere og førebyggje trakassering. Til dømes vil dette blir lagt inn som tema i fakultetets vegleiarforum. Trakassering vil òg vere ein del av malen for medarbeidersamtalar og oppstartsamtalar med nytilsette. Leiargruppa vil gjennomføre eit eige kompetanseutviklingsseminar med ekspertise frå UiO sentralt.

Det vil bli nedsett ei arbeidsgruppe som skal gjere ei risikovurdering av kva for typar trakassering som kan førekome ved fakultetet.

Fakultetet vil nytte mellom anna SHOT-undersøkinga som grunnlag for å utvikle ein tiltaksplan retta mot studiemiljøet, og leiarar i studiemiljøet vil bli inkluderte i kompetanseutviklingstiltak og i arbeidsgruppa som skal gjere risikovurderinga.

Milestolpar for gjennomføring:

- 01.07.19: Arbeidsgruppa har levert risikovurderinga si.
- 01.08.19: Kompetanseutviklingsseminaret for leiargruppa er gjennomført
- 31.12.19: Kompetanseutviklingstiltak retta mot leiarar på alle nivå er gjennomført.

Ansvar:

Dekanen

Frist for gjennomføring:

31.12.2020

EIGNE TILTAK HEILSKAPLEG PERSONALPOLITIKK

Tiltak C:

Fakultetet vil halde fram fokuset på karriereutvikling for rekrutteringsstillingar og førsteamansar.

Forventa resultat ved utgangen av 2019:

- Dei aktuelle gruppene ved fakultetet har fått tilbod om karrierevegleiing

Forventa resultat ved utgangen av 2021:

- Mellombels vitskapleg tilsette skal stå betre rusta for ei vidare karriere, både innanfor og utanfor akademien

Aktivitet:

Fakultetet vil saman med UiO medverke til ein meir heilskapleg karrieropolitikk og karriereutvikling sine vitskapleg tilsette. Dette vil gjelde både mellombels tilsette, men òg tilsette i førstestillingar som ønskjer å kvalifisere seg for opptrykk til professor. Fakultetet vil i dette arbeidet trekkje vekslar på sentrale ordningar ved UiO. Det eksisterer eit kvalifiseringsstipend for kvinnelege førsteamansar og eit mentorprogram for kvinnelige postdoktorar. UiO arbeider dessutan med eit eige prosjekt for karrierebygging for vitskapleg tilsette. Det teologiske fakultet

vil setje ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide fram tiltak for å styrkje og fremje karriereutviklinga ved fakultetet.

Milestolpar for gjennomføring:

- 01.03.2019: Arbeidsgruppe som skal arbeide ut tiltak for styrkt karriereutvikling er sett ned
- 01.12.2019: Arbeidsgruppa har levert tilrådingane sine

Ansvar:

Dekanen og forskingsdekanen

Frist for gjennomføring:

31.12.2020